



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Administrasjonsutvalet

**Møtedato** 21.10.2020

**Møtetid:** Kl. 13:10 - 14:00

**Møtestad:** Kommunehuset

Av 8 medlemmer møtte 8, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer som møtte:	Parti/fagforeining:
Knut Harald Frøland	Bl
Bjørg Tvedterås	Fagforbundet
Oddrun Lemme Sandvin	Fagforbundet
Linda Haug Kollbotn	Frp
Gunn Totland Moss	KrF
Øyvind Røen	Sp

Desse medlemene møtte ikkje:	Parti/fagfor.:	I staden møtte:	Parti/fagfor.:
Øyvind Strømmen	MDG	Sølvi Gåsdal	Ap
Beate Aasebø	Utd.forbundet	Jarle Tverli	Utd.forbundet

### Møtenotatar:

Andre som var til stades i møtet:

- Anette Følid, HR-leiar
- Jan Erik Boge, rådgjevar
- Nina Erdal, økonomisjef (under orienteringa om budsjett 2021)

<b>Møteleiar:</b>	Knut Harald Frøland
<b>Møtesekretær:</b>	Jan Erik Boge

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 26.10.2020

---

Knut Harald Frøland  
ordførar

---

Jan Erik Boge  
leiande rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

## Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
003/2020	20/858	Faste saker	

## SAKNR. 003/2020: Faste saker

### 21.10.2020 Administrasjonsutvalet:

Handsaming i møtet:

#### Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Oddrun Lemme Sandvin (Fagforbundet) tok opp at møteinnkallinga vart sendt ut berre to dagar før møtet, og at dette er for seint. Møteinnkallinga skal etter kommunen sine reglar sendast ut ei veke før møtet.

Det var ingen andre merknader til møteinnkallinga eller saklista.

#### Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte

Ingen merknader.

#### Orienteringssaker/referatsaker

##### Behov for gjennomgang og ajourføring av vedlegga til lønspolitisk plan

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte og gjekk gjennom notatet om saka som låg ved møteinnkallinga. Administrasjonen vil så snart som mogleg starta arbeidet med ajourføring av vedlegga til lønspolitisk plan. Ein god del av innhaldet i Vedlegg A til lønspolitisk plan gjeld vedtak som er gjort av administrasjonsutvalet. Eventuelle forslag til endringar i desse vedtaka vil verta lagt fram for administrasjonsutvalet.

##### Orientering om behov for ny lokal avtale om arbeidstøy

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte om saka, med utgangspunkt i notatet om saka som låg ved møteinnkallinga. Administrasjonen håpar å få på plass ny lokal avtale om arbeidstøy før nyttår.

##### Budsjett 2021 - utfordringar og moglege endringar

Økonomisjef Nina Erdal orienterte om arbeidet med rådmannen sitt budsjettframlegg for 2021. Ho orienterte mellom anna om følgjande endringar/utfordringar i 2021:

- Sal av konsesjonskraft - lågare inntekter
- Premieavvik - redusert inntekt
- Pensjonsutgifter - vert reduserte som følgje av koronapandemien
- Renter på lån - låg rente som følgje av koronapandemien
- Tilskot til flykningar - nedtrapping, redusert inntekt
- Havbruksfondet - låge inntekter (2021 vert eit år med låg utbetaling frå Havbruksfondet)
- 2021 bør vera eit "mellomår", der ein prioriterer å få gjennomført tiltak som skulle vore gjennomført i 2020
- Større prosjekt som ligg inne i 2021 er VA (vatn/avløp) og heis på kommunehuset
- Ekstraavgifter i samband med koronapandemien - det er ikkje klart kor mykje av ekstraavgiftene kommunen får dekkja av staten
- Staten overtek ansvaret for utbetaling av tilskot til trussamfunn utanfor den norske kyrkja
- Øyremerka tilskot til fagfornyng i skulen - det er uklart kor mykje midlar kommunen får i 2021
- Varmmat på skulane - det vil truleg verta foreslått å innføra slik ordning (ordning der kjøkkenet på Samnangerheimen lagar/leverer varmmat til skulane)
- Stilling som rådgjevar helse - vert oppretta ved omdisponering av noverande stillingsressursar
- Moglege endringar på sjukeheimen - etablering av demensavdeling i 95-bygget (den eldste delen av sjukeheimen)
- Sal av sjukeheimsplassar - det vil verta budsjettert med noko sal av plassar til innbyggjarar frå andre kommunar
- Storleik på klasserom på skulane - å fjerna nokre veggjar mellom rom på barneskulen kan gje større klasserom, større fleksibilitet i organiseringa av skuledagen og økonomisk innsparing

- Det står framleis att noko arbeid med budsjettframlegget før det er i balanse - manglar pr. d.d. om lag 1,5 millionar kroner

#### Handsaming/oppfølging av varsel om arbeidstilhøva ved barneskulen - status

Ordførar Knut Harald Frøland (Bygdalista) orienterte om status og saksgang i saka. Deloitte sin rapport frå varslings-saka vart handsama av kontrollutvalet 19.10.2020 og kjem opp i kommunestyret 28.10.2020. Ein sladda versjon av rapporten er offentleggjort, mellom anna i møteinnkallinga til kontrollutvalsmøtet 19.10.2020. Deloitte sine tilrådingar om tiltak er ikkje sladda. Kommunestyret vil 28.10.2020 truleg vedta å be rådmannen om å setja i verk ein del tiltak på område der Deloitte har avdekka manglar/feil.

Det er ikkje heilt avklart kven som skal få lesa heile Deloitte-rapporten (den usladda versjonen), men medlemmene i kommunestyret vil truleg få lesa heile rapporten dersom dei ønskjer det.

#### Orientering om arbeidet med ny kommunal heimeside

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte. Samnanger og Gulen skal gå over til same type heimeside som dei andre medlemskommunane i IKT Nordhordland (med unntak av Austevoll). Layouten og innhaldet skal vera mest mogleg likt for alle kommunane i IKT Nordhordland. Arbeidet med nye heimesider for Samnanger og Gulen startar opp med kurs for redaktørar/superbrukarar 22.10.2020. Målsetjinga er at den nye heimesida til Samnanger skal lanserast rett etter nyttår.

#### **Utvalet sitt kvarter**

##### Spørsmål om status for brannstasjonen

Oddrun Lemme Sandvin (Fagforbundet) spurde om status for brannstasjonen, jf. problema med inneklima m.m. som er avdekka der. Representantane for administrasjonen kunne ikkje svara på dette spørsmålet i møtet.

##### Administrasjonsutvalet sin funksjon og oppgåver

Rådgjevar Jan Erik Boge foreslo at det på neste møte i administrasjonsutvalet vert ei orientering om utvalet sin funksjon og oppgåver. Administrasjonsutvalet slutta seg til forslaget.

#### **ADM- 003/2020 Vedtak:**

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent. Orienteringssaker/referatsaker vert tekne til orientering.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.